

Fra: Fremtidens helsetjeneste
Sendt: 17. januar 2011 22:22
Til: gunnvor.a.sunde@sfj.no
Emne: Ditt høringssvar, Innspel frå Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjord, er mottatt

Dette er en bekreftelse på at vi har mottatt ditt høringssvar på temaet Generelle høringssvar.

Innspel frå Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjord
Fylkesrådet For Funksjonshemma (FFF) i Sogn og Fjordane vedtok slik uttale i møte 13.01.2011
Angående Nasjonal helse-og omsorgsplan, ny Folkehelselov og ny kommunal helse-og omsorgslov.
Ny folkehelselov og ny kommunal helse - og omsorgslov kjem til erstatning for bl.a. kommunehelsetenestelova og sosialtenestelova.
Rettane til den enkelte skal forankrast i pasientrettighetslova.
Det er viktig at lovverket vert samordna også med den vedtekte diskriminerings- og tiggjelova der både pasientar og andre brukarar er ivaretekne.
Sjølvsagt kan funksjonshemma bli sjuke som alle andre.
Men ein må ikkje gjere funksjonshemma til pasientar fordi ein treng praktisk bistand frå kommunen.

Fylkesrådet for funksjonshemma støttar i grove trekk uttalen til fylkesrådmannen sitt forslag til uttale frå Fylkestinget i Sogn og Fjordane, med desse tilleggga, og vil særleg understreke viktigheita av brukermedverknad i alle ledd, for å få til gode og målretta tenester for alle.

Tryggleik:

FFF vil streke under at nærleik til tenestene er svært viktig og at institusjonane under spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane er viktige for tryggleik, velferd og helse. Samstundes som dei er viktige samfunnsaktørar for arbeidsplassar, busetnad og kompetanse.
Fylkesrådet vil peike på behovet for at nasjonal helse-og omsorgsplan avklarar kva tenester som skal vere på eit lokalsjukehus.
Det må takast særskilt omsyn til avstand.

Arbeid og helse.

Mange menneske med nedsett funksjonsevne står utanfor arbeidslivet sjølv om dei har stor arbeidsevne. Dette er eit tap både for den enkelte og for samfunnet.
Ei pålagt tilrettelegging og kvotering, minst 5 %, kan bøte på dette.

Ernæring

Spesialisthelsetenesta-og kommunehelsetenesta skal sikre at ernæring blir ein integrert del av behandlingstilbodet i helse-og omsorgstenesta, og bidra til at helsepersonell i tenesta får opplæring om ernæring.

Rus, psykiatri, geriatri.

Ressurstildelinga må gje rom for at Sogn og Fjordane får del i den opptrappinga som er vedteken innan rus, psykiatri og geriatri. T.D. må det sikrast midlar til den ferdigbygde rusposten på Eid.

Opplæring.

Sentralsjukehuset og lokalsjukehusa har viktige opplærings-og hospiteringsfunksjonar for helsepersonell. Dagens desentraliserte sjukehusstilbod er såleis avgjerande for framtidig rekruttering til kommunane.

17. januar 2011 23:22

Svaret kan leses her
Du er registrert som:
Brukertype: Privatperson
Navn: Fylkesrådet for funksjonshemma
Brukernavn: Gunnvor A. Sunde
E-post: gunnvor.a.sunde@sfj.no
Adresse: 6863 Leikanger